

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

Hilde Horpen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4:

Fylkesutvalet vil oppmøde kommunen om å vurdere nærmere fem konkrete område der det er lagt til rette for bustader og fritidsbustader. Planen vil då bli meir i tråd med strategien i mål 2 i utviklingsplanen om å sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1,2, 6 og 7 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Innstillinga punkt 4 fekk 4 røyster (FNB, SV, MDG og 1 A) og fall.

Horpen sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 4 røyster (Frp, MDG og FNB).

Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at ein oppdatert arealDEL til kommuneplanen vil bidra positivt til ei framtidsretta og berekraftig samfunnsutvikling i Solund.
2. Fylkesutvalet meiner arealdelen til Solund i større grad må drøftast og utformast med bakgrunn i regionale og statlege mål om å redusere klimagassutsleppa. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.
3. Fylkesutvalet meiner det er viktig for Solund at det er eit godt utval av attraktive areal for bygging, for å stimulere til auka bulyst og næringsutvikling. Kommunen bør likevel gjere ei nærmere vurdering av behovet for bustader og fritidsbustader, og om det er areal som skal takast ut av arealdelen.
4. Fylkesutvalet vil oppmøde kommunen om å vurdere nærmere fem konkrete område der det er lagt til rette for bustader og fritidsbustader. Planen vil då bli meir i tråd med strategien i mål 2 i utviklingsplanen om å sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
5. Fylkesutvalet vil oppmøde kommunen til å setje krav i føresegnehøgda til trygge trafikkløysingar ved utbygging av LNF-område for spreidd utbygging. Der det er mogleg må utbyggjar knyte seg til eksisterande avkjørsler og kryss, og desse skal vere opparbeidd i samsvar med handbok N100, før byggearbeid tek til.
6. Fylkesutvalet ser positivt på dei endringane som er gjort i høve A-område, område som er avsett eksklusivt til akvakultur. Når det gjeld fleirbruksområda for natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur (NFFFA) kan det ikkje setjast krav til søknad om dispensasjon for akvakultur i område avsett til akvakultur då det allereie er opna for dette. Kommunen bør i tillegg vurdere å gje føresegner om kva artar som kan etablerast.
7. Fylkesutvalet meiner planframlegget tek omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål, og er ikkje i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting. Planen bør likevel i større grad sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner.